



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
17.12.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/16043 331.2  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13,5902 Isdalstø

Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik

Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

### **Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2016**

#### **Innleiing**

Fylkesmannen vil med dette brevet invitera kommunane til å søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2016.

Ordinært skjønstilskot er ein del av rammetilskotet til kommunane. Fylkesmannen har til no fordelt kr. 94,4 mill. av den totale skjønsramma på kr. 127,7 mill. til kommunane i Hordaland for 2016. Restsummen på kr. 33,3 mill. vil bli nytta til prosjektskjøn og til generell fordeling i året der også uventa hendingar vil bli tekne omsyn til.

Skjønstilskot i samband med buseting av flyktningar vil ikkje bli gitt i denne ordinære fordelinga av prosjektskjøn. Vi vil setje av ein del av den unytta skjønsramma til dette føremålet. Fylkesmannen vil gi nærmare opplysningar til kommunane om dette.

For 2015 vart ein del av skjønsramma gitt til satsinga mot barnefattigdom. Desse skjønsmidlane vart i år fordele mellom fem kommunar i fylket. Vi legg også for 2016 opp til å fordele ein del av skjønsramma til dette føremålet som ei eiga fordeling. Kommunane treng difor ikkje søkje om ordinære prosjektskjønsmidlar til føremålet, sjølv om det er eit av satsingsområda som det er vist til her i brevet.

#### **Retningsliner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

##### Generelt

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i retningslinene for skjønstilskot 2016 i stor grad vidareført retningslinene for 2015. Departementet ynskjer å framheva føremålet med skjønsmidlane som er å fanga opp lokale tilhøve som ikkje blir ivaretakne godt nok i inntektsystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningars.

Departementet ynskjer at Fylkesmennene skal tilpassa fordelinga av skjønsmidlane etter lokale tilhøve og behov som kan oppstå gjennom budsjettåret. Fylkesmennene held tilbake skjønsmidlar for å kunne ta omsyn til kommunar som får uventa økonomiske utfordringar i løpet av budsjettåret. Departementet syner til at dette også omfattar kommunar som blir

ramma av naturskade eller andre ekstraordinære hendingar, i den grad departementet ikkje sjølv gir kompensasjon.

Departementet ynskjer som tidlegare at Fylkesmennene skal gi skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt. For 2016 skal kommunane søkje om og rapportera på eit eige søknadskjema på database, som er utarbeidd for alle fylkesmannsembeta. Nærare opplysningar om søknad og rapportering er gitt under.

Eit viktig føremål med skjønstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) er å gi kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenesteområda i kommunen.

Kommunar må i søknader om prosjektskjøn syne til ein realistisk prosjektplan. Det må bli vist til klåre målsetjingar med prosjektet og val av løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

#### Prosjekt/oppgåver som ikkje blir støtta

Det skal ikkje bli gitt tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet. Det skal ikkje bli gitt tilskot til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar. Interkommunale prosjekt vil i hovudsak berre kunne få tilskot i etableringsfasen.

#### Kommunestrukturprosjekt

Vilkåra for å kunne gi tilskot til utgreiing om kommunestruktur er fleirtalsvedtak i alle kommunestyra, kommunal eigenfinansiering og ein plan for korleis innbyggjarane skal bli høyrde.

Fylkesmannen vil framleis kunne gi tilskot til utgreiing om kommunesamanslåing. Slike tilskot vil kunne bli gitt til utgreiingsarbeid i eit avgrensa og ikkje for stort omfang, der det er særskilte problemstillingar det er aktuelt å utgreie.

Fylkesmannen vil også kunne bidra med tilskot dersom vi ser at det er gode prosessar som kan føra til føremålstenlege endringar i kommunestrukturen. Både tilskot til utgreiing og prosessar i denne samanhengen kan bli gitt gjennom budsjettåret, utanom den ordinære fordelinga av prosjektskjøn.

#### Søknader som kjem inn under forsøkslova

Alle søknader som kjem inn under forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87 ) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

#### **Satsingsområde**

Kommunesektoren er i sterke omstilling med utfordringar knytte til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetjing om å effektivisera drifta. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren.

Fylkesmannen ynskjer å stimulera kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. I hovudsak prioriterer Fylkesmannen å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

På denne bakgrunn inviterer vi kommunane til å søkja om prosjektmidlar.

Særlege område som vi ynskjer å prioritera for 2016 er:

1. Barn og unge - kommunane sitt arbeid mot barnefattigdom.
2. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgstenester, jf. Omsorg 2020.
3. By- og tettstadsutvikling.
4. Beredskap og samfunnstryggleik.
5. Interkommunalt plansamarbeid, særleg:
  - interkommunale prosjekt om kommunale digitale planverktøy
  - interkommunalt plansamarbeid om oppdrett/akvakultur
6. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp.

### **Kommunal forankring og ansvar**

For å få tilskot må prosjekta vera forankra hos den politiske leiinga i kommunen, og i det minste hos ordførar og rådmann.

For å sikra forankring og tilknyting til prosjektet, er det ein føresetnad at kommunane deltek med ein kommunal eigenfinansiering. Det er også lagt til grunn i departementet sine retningslinjer. Som hovudregel skal ikkje skjønsmidlane frå Fylkesmannen utgjere meir enn 50 prosent av kostnadane til prosjektet.

### **Prosess for tildeling**

Frå og med fordelinga for 2014 har det vore ein søknadsprosess der regionråda har ei koordinerande rolle. Fylkesmannen er ansvarleg for sjølv tildelinga, men denne vil i stor grad byggje på prioriteringane frå regionråda. Vi ynskjer også at regionråda skal initiera og bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

For 2016 legg vi opp til at kommunane søker om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt direkte til Fylkesmannen. Regionråda blir bedd om å vurdera søknadene og senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadene.

For 2016 skal det søkjast på eit eige søknadsskjema som ligg på database. Gå til:

<https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Søkjar i kommune må nytta Idporten (til dømes med bankid) og må leggja inn:

- Fornamn
- Etternamn
- E-postadresse
- Telefonnummer

- Rolle - søker
- Kommune (obligatorisk)

Førespurnad blir send fylkesmannsembetet om godkjenning som søker. Når godkjenning er gitt, kan søker gå inn på <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no> og fylle ut søknad.

### **Søknadsfrist**

Fristen for kommunane å søkje om prosjektskjøn er **fredag 11.mars 2016**.

Regionråda blir bedd om å senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom prosjekta innan den same fristen. Regionråda blir også bedd om å gi ei grunngjeving for prioriteringa mellom søknadene.

Dei kommunane som er organiserte i regionråd må leggja søknadene fram for regionrådet sitt i tilstrekkeleg god tid til at rådet kan gjere ei vurdering og prioritering mellom søknadene innan den nemnde søknadsfristen.

### **Rapportering**

Rapportering for prosjektskjønn 2015 vil følgje det same opplegget som er nytta tidlegare. Vi har bedd alle som er tildelte midlar for 2015 gi tilbakemelding innan 01. februar 2016 om det som er gjort og korleis midlane er brukte. Vi legg opp til elektronisk rapportering på heime-sida vår.

Rapportering for prosjektskjønn 2016 må bli gjort i den same databasen som blir nytta for søknader for 2016, det vil seie: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Frist for rapportering for 2016 er 01.februar 2017.

Med helsing

Lars Sponheim  
fylkesmann

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*